



Vennegjengen frå Sunde og Husnes var svært fornøgd. I forgrunnen sit 3 frå Sunde: Daniel og Jane Røyrvik og Espen Jakobsen

Ein vennegjeng på 11 frå Sunde og Husnes reiste til Systrene Nilsen på julebord i går kveld. Handeland hadde vore det andre alternativet men når valet falt på Uskedalen var grunnen rett og slett at dei ville freista noko nytt-



Kåre og Berit Guddal frå Trelastlageret var også godt tilfreds med kvelden. Dei var på heimebane.

Og korleis var så konklusjonen når kvelden var over?

Den var udelt positiv. Dei som kom frå vest brukte karakteristikken fantastisk både om julematen og musikken til Festus og lovet å komme igjen til restauranten på sjøkanten hos oss - men ikkje i år!

Denne første laurdagskvelden med juleservering hadde samla 50 medan det er plass til 90 neste laurdag og no er det rom for

ytterlegare 10. Dei som kom i kveld var fordelt på 3 grupper
- dei kom frå Trelastlageret, Rødsten bilforretning og vennegjengen.
Til helga blir det meir individuelle deltakarar. Alt gjekk som smurt
i restauranten også denne gongen, men akustikken er eit
vedvarande poble. som det må gå an å løysa.

Musikaren Festus var eit kapitel for seg og her siktar vi til takten.
Han brukar ikkje playback, men ein stompboks som har
mikrofon og som han trampar takten på. Det gir ein kraftig rytme. Saman
med gitaren og den kraftige røysta gir dette 'mykje musikk'
Leiinga hadde gjort eit nytt godt musikkval.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen..



Festus hadde ein spesiell boks som han trampa på